

# Nyhendebrev nr. 17, 5. mai 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



## Bygdepride 7.-15. mai

Bygdepride 2022 blir arrangert 7.-15. mai med parade laurdag 14. mai. I år er det også fleire arrangement på Høgskulen og på Rokken. Høgskulen har støtta Bygdepride heilt frå starten av.

[LES MEIR](#)



## Stor forskarkonferanse i HVO-regi

Høgskulen i Volda er ein av medarrangørane til den internasjonale forskarkonferansen "Global Sustainability: Science and Religion in Dialogue" som blir arrangert i Ålesund 4.-8. mai. Professor Knut-Willy Sæther, AHL, er fagleg ansvarleg for konferansen. [Les også opningshelsinga på konferansen på rektorbloggen.](#)

[LES MEIR](#)



## Høgskulestyret har møte i dag

Høgskulestyret for Høgskulen i Volda har møte i dag torsdag 5. mai. På dagsorden står blant anna endeleg vedtak om ombygging av Hans Strøm-huset og tilsetjing av mellombels høgskuledirektør. Styremøtet blir strøyma.

**LES MEIR**



## Rektorbloggen: 1.mai, ytringsfridom, Ukraina og to vladimirar

På 1. mai heldt rektor Johann Roppen tale i Ulsteinvik med utgangspunkt i ytringsfridom. I talen kom han inn på både krigen i Ukraina, Vladimir Putin og Vladimir Vysotskij - og 50 års feiringa til Avdeling for mediefag.

**LES MEIR**

## Studium og studentliv:

### Nytt Arbeidsutval i Studentparlamentet

Studentparlamentet har hatt val og Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik (ASH) er attvald som leiar for Studentparlamentet frå 1. mai 2022-30. april 2023. Leander Prag Sømme (AKF) er nestleiar og personleg vara for Hoddevik, som kanskje er i ferd med å få seg jobb utanfor Høgskulen. I fall Hoddevik sluttar rykker Leander Prag Sømme opp som ny leiar, og det må veljast ny nestleiar og fagansvarleg.

Dei andre verva i Studentparlamentet vart slik:

Velferdsansvarleg: Andrine Kompen, AHL

Fagansvarleg: Leander Prag Sømme, AKF

Internasjonalt ansvarleg: Ammy Bolme, AHL

Informasjonsansvarleg: Severine Riise Eidem, AHL

## **Studiestart 2022-2023: Fellesarrangement 16. august kl 11.00**

Studieåret 2022-2023 blir markert med ei opningshøgtid som før korona, og det vil seie at det blir eit stort fellesarrangement, spesielt for nye studentar, på baksida av Berte Kanutte-huset. Ei viktig endring i høve til tidlegare år er at opninga tek til kl 11.00, som er ein time tidlegare enn før om åra. Då blir det litt betre tid til dei faglege arrangementa før fadderane og Fadderveka tek med seg studentane vidare. [Informasjon og detaljprogram for studiestart blir å finne på studiestartportalen.](#)

## **Menyen i kantina neste veke**

Måndag: Vegetarlasagne med spinat og fetaost/tomatsuppe med kvitløk(vegan)  
Tysdag: Prinsefisk med gulrot og reker/potetsuppe med purre  
Onsdag: Kylling enchiladas med ris/texmexsuppe  
Pokebowle med Bbq-kylling bowl med nudlar og spinat  
Torsdag: Potetball med tilbehør/brokkolisuppe  
Fredag: Tacobuffé

## **ITS Volda: Internasjonal lærarutdanningskonferanse med 110 deltakarar**

Fleire enn 110 studentar frå Noreg og fire andre europeiske land deltok på den nettbaserte ITS Volda-konferansen. ITS Volda er eit tiltak for å fremje internasjonalisering i lærarutdanninga, og tema for konferansen var i år fysisk aktiv læring. Deltakarane kom utanom Volda frå Finland (Åbo Akademi), Nederland (Hogeschool KPZ), Spania (University of Barcelona) og Austerrike (PHT Tirol). [Les meir om konferansen på nettsidene våre.](#)

## **NOKUT inviterer til digitale seminar om studiekvalitet**

NOKUT inviterer tilsette og studentar til tre digitale seminar om studiekvalitet. Interesserte må melde seg på førehand, og påmeldingsfristen er fredag 27. mai.

[Studietilsynsforskrifta for begynnarar \(30. mai, kl 09.00-12.00\)](#)

[NOKUTS kvalitetsområde for studieprogram \(30. mai, kl 13.00-15.00\)](#)

[Periodiske evalueringar av studieprogram \(31. mai, kl 09.00-12.00\)](#)

## **Forebyggingsforum 2022: "Ut av det blå? Gutar og sjølv mord"**

Velferdsgruppa ved Høgskulen i Volda vil 24. mai delta digitalt på seminaret "Ut av det blå? Gutar og sjølv mord" som blir arrangert av fagmiljø på området i Bergen. Alle er velkomne til å vere med og om du ønsker å delta kan møte opp i Vesle BK, 24. mai kl 9. [Her er lenke til arrangementet på Facebook.](#)

## **Tinging av undervisningsrom for hausten 2022 - frist 15. mai**

Sentral romtingar Tanja Sundal har sendt ut e-post med informasjon om tinging av undervisningsrom for hausten 2022. Det er noko trangt på høgskulen, så alle blir oppmoda til å berre tinge rom som faktisk trengst. Romtinging og timeplanar er kopla saman timeplan i Canvas og i oppmøte-verktøyet NOA så det er viktig at dette blir rett slik at studentane ikkje skal få fråvær på feil grunnlag.

## **Pensumlistar for hausten 2022: Klare for redigering i Leganto - frist 15. mai**

Biblioteket har no lagt til rette for at pensumlistene for hausten 2022 kan redigerast i Leganto. Som tidlegare år er det pensumlistene frå i fjor haust som no er kopierte over til hausten 2022 for vidare redigering og oppdatering. Ta kontakt med biblioteket om du ikkje finn "di" pensumliste, og hugs å trykke "Send til biblioteket" etter at du er ferdig å redigere. Frist for pensumlistene er som tidlegare år 15. mai. Alle tilsette har fått meir detaljert informasjon om dette. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

## **Rokken i mai: Bygdepride, Rotlaus og Crashville.**

Programmet på Rokken Scene finn du blant anna på [nettsida deira](#).

# Styre og stell

## **Felles sommaravslutning i kantina 21. juni**

Det blir felles avslutning av studieåret 2021-2022 i kantina i Berte Kanutte-huset tysdag 21. juni kl 11.30-13.30. Invitasjon kjem i kalenderen.

## **Høgskulestyret har møte 5. mai**

Høgskulestyret har neste møte torsdag 5. mai. Møtet blir som vanleg overført på video. [Sakspapira blir tilgjengelege på nettsidene våre i løpet av torsdag 28. april](#). Blant sakene som står på dagsorden er blant anna tilsetning av mellombels direktør, Styret skal drøfte leiingsmodell på høgskulen - tilsett eller vald rektor - på bakgrunn av ein høyringsrunde. Styret skal også drøfte framlegg til strategisk handlingsplan for høgskulen - også på bakgrunn av ein høyringsrunde.

## 68 HVO-tilsette så langt i "Stikkut-bedrift"

HVO har mange turglade tilsette, og til no i 2022 er det heile 68 HVO-tilsette som har registrert seg på Stikkut bedrift, mot 57 i 2021. Arbeidsmiljøutvalet ved Høgskulen i Volda oppmodar tilsette til å vere med på Stikkut, og vil trekke premiar blant tilsette som deltek. Alle tilsette har fått e-post med informasjon og lenker til påmelding frå Solbjørg Nossen Leite. Dei som ikkje har vore med på Stikkut tidlegare må registrere seg på [www.stikkut.no](http://www.stikkut.no) før dei kan knyte seg til HVO på Stikkut-bedrift.


# Fag og forskning

## Fagdag om Tarjei Vesaas - i samarbeid med dei nynorsk festspela

I 2022 er det 125 år sidan [Tarjei Vesaas](#) vart fødd, og det blir markert med fagdag på Høgskulen i Volda måndag 13. juni, etter [dei Nynorske festspela](#). Blant bidragsytarane på fagdagen er [professor Jan Inge Sørbø](#), ASH, og [professor Magnar Åm](#), AKF. [Les meir om arrangementet og meld deg på på nettsidene våre.](#)

## Studieplan for ny ph.d.: "Humaniora og utdanningsvitskap"

Per Halse og arbeidsgruppa som planlegg ny ph.d. har invitert alle tilsette på HVO til å kommentere planutkasta for ph.d.-programmet. Programmet vart også diskutert på allmøte og etter allmøtet vart tittelen på programmet justert til "Humaniora og utdanningsvitskap". Det er sendt ut framlegg til sju emne på programmet. Det er to obligatoriske emne: "Humaniora og utdanningsvitskap" og "Vitskapsteori, metode og forskningsetikk". I tillegg er det 6 valfrie emne: Kvantitativ metode og kombinerte metodiar ("mixed methods"); kvalitative metodar; tekst og mening; digital kompetanse i humaniora og danning; forskingsformidling, og praktisk forskningsetikk og regelverk. Frist for å kome med innspel er 30. mai. Om alt går som planlagt vil det bli sendt søknad til NOKUT innan den årlege fristen 1. november - i 2022.



## Teaching Artist-konferansen: Påmeldingsfrist i dag!

Fristen for å melde seg på som deltakar på [ITAC6](#) (International Teaching Artist Conference) er i dag, 5. mai. ITAC6 - The Sixth International Teaching Artist Conference er ein store internasjonal konferanse som blei initiert av Seanse i 2012 og som no har sitt 10-års jubileum der den starta ITAC6 går frå 1. til 3. september i Oslo og førebels er det 280 påmelde frå over 40 land. Førre konferanse, ITAC5, blei arrangert av Korea Arts & Culture Education Service (KACES) i 2020 og omgjort som ITACs første digitale konferanse, på grunn av Covid-19. Denne virtuelle opplevinga medverka til å utvide ITACs rekkevidde ytterlegare, med nesten 2000 Teaching Artist som blei med live fra heile verda!

## Kompetanse for kvalitet: Stabil søking og stabilt fagtilbod ved Høgskulen i Volda

Det er i alt 227 søkarar på Kompetanse for kvalitet (KFK) tilboda ved Høgskulen i Volda. Det er 13 færre enn i 2021. Flest søkarar er det på Spesialpedagogikk, Kunst og handverk 5-10, Programmering 1-7 og programmering 5-10. Størst auke er det på tilboda i "Kunst og handverk 5-10" som auka frå 12 til 33 søkarar. Andre tilbod med færre søkarar er engelsk, matematikk, norsk, andrespråkspedagogikk og realfag i barnehagen. Tilboda må ha må minst 5 søkarar for at dei skal starte opp, og ein del av tilboda ved Høgskulen i Volda er i fare for å ikkje kunne starte opp. Vanlegvis brukar Høgskulen i Volda å få 70-100 fleire søkarar på KFK frå mai og fram til semesterstart. [Seniorrådgivar Ole Frank Bakken](#), AHL, er KFK-koordinator på Høgskulen i Volda.

## Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

## Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingsdagane 23. september 2022. Her er [informasjon om prisen, retningsliner for tildeling og tidlegare prisvinnarar](#).

## Forskningsutvalet: Ny utlysning av såkornmidlar - frist 16. mai

Forskningsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskningsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med søknadsfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. [Les meir om såkornmidlar og søknadsskjema](#).

## Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilkår for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilkåra for ordninga på nettsidene våre](#).

## 11 millionar å hente frå Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått

publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)



NO.1 | 2022 | VOL. 1

**NORDIC JOURNAL OF INNOVATION  
IN THE PUBLIC SECTOR**



 Universitetsforlaget

## HVO samarbeider om nytt tidsskrift om innovasjon i det offentlege

Høgskulen i Volda er ein av skiparane av det nye tidsskriftet [Nordic Journal of Innovation in the Public Sector \(NJIPS\)](#). Tidsskriftet er no lansert på portalen Idunn og det er opna for innsending av manuskript. Føremålet med tidsskriftet er å styrke den tverrfaglege debatten rundt innovasjon i offentlig sektor. Tidsskriftet er etablert etter initiativ fra styret i [Nasjonalt forskernettverk for innovasjon i offentlig sektor \(INNOFF\)](#), der Høgskulen i Volda er ein av 8 medlemmer. Høgskulen i Volda og andre INNOFF-medlemmer har også gått saman for å finansiere tidsskriftet. [Professor Roar Stokken](#), ASH, er Høgskulen i Volda sin representant i styret for INNOFF. [Førstelektor Gro Anita Bårdseth](#), ASH, representerer HVO i redaksjonsrådet for det nye tidsskriftet.

## Professor Tor-Johan Ekeland: "Konflikt og konfliktforståelse" - 3. utgåve

Professor Tor-Johan Ekeland, ASH, har no kome ut med tredje utgåve av boka ["Konflikt og konfliktforståelse for helse- og sosialarbeidere"](#). Boka kom første gongen ut i 2004, andre utgåve i 2014, og no i 2022 kom altså tredje utgåve.

## Stipendiat Elin Førde utfordrar kunnskapsministeren i kronikk i Aftenposten

[Stipendiat Elin Førde](#), AHL, har saman med stipendiat Anniken Lind, Innlandet, skrive kronikk i Aftenposten med tittelen "Timeout? Ignorering? Vi tror kunnskapsministeren har bedre ønsker for barn i barnehage." Dei to stipendiatane ber kunnskapsminister Tonje Brenna (AP) svare på spørsmålet frå Freddy Øvstegård (SV) som spør kor vidt det er fornuftig at det offentlege støttar og finansierer utvikling av program som legg føringar for det pedagogiske innhaldet i norske barnehagar.

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

## Seniorkonsulent/rådgivar ved Internasjonalt kontor - søknadsfrist 8. mai

Høgskulen i Volda lyser ut eit vikariat i Studieadministrasjonen med arbeidsoppgåver innan internasjonalisering og utveksling. Stillinga er knytt til Internasjonalt kontor og er ledig frå 1.8.2022. Internasjonalt kontor er eit lite team med tre faste stillingar som jobbar med inn- og utreisande utveksling, internasjonale avtalar og program, m.m. I tillegg inneheld teamet 2 studentmedarbeidarar i Pangaia, møtestad og sørviskontor for internasjonale studentar.

Den utlyste stillinga vil ha hovudansvar knytt til utreisande utveksling.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

## **Førsteamanuensis/Førstelektor/høgskulelektor i animasjon - søknadsfrist 9. mai**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig eit vikariat i 100% stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 1.8.2022 - 31.07.2023. Oppstart kan justerast etter avtale. Stillinga kan verte forlenga. Stillinga gjeld undervisning i animasjon, og rettleiing av praktiske og vitskapelege oppgåver. Den tilsette vil også undervise på dei andre bachelorstudia og masterprogrammet ved avdelinga. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

## **Høgskulelektor i pedagogikk - søknadsfrist 12. mai**

Ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Institutt for pedagogikk er det ledig inntil to mellombelse stillingar for høgskulelektor i pedagogikk i tida 1.8.2022–31.7.2023. Det kan også vere aktuelt å tilsetje i deltidsstilling. Institutt for pedagogikk inkluderer barnehagelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning, rettleiarutdanning og mastergradene i spesialpedagogikk og barnehagekunnskap. I tillegg deltek også fagmiljøet i lokal kompetanseutvikling og i etter- og vidareutdanningstilbod. Det er 34 tilsette ved instituttet. Dei tilsette ved instituttet har brei kompetanse innanfor allmennpedagogikk, profesjonsretta pedagogikk og spesialpedagogikk, og har eit rikt og mangfaldig forskarmiljø med pågåande prosjekt nasjonalt og internasjonalt. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

## **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i musikk - søknadsfrist 23. mai**

Ved Høgskulen i Volda, avdeling for kulturfag, Institutt for musikk er det ledig 60% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i musikk frå 1.8.2022. Det er moglegheit for utviding inntil 100% alt etter fagkombinasjon.

Institutt for musikk tilbyr årsstudium og bachelorstudium i musikk og musikkfaglege emne i barnehagelærarutdanning og i praktisk-pedagogisk utdanning. Instituttet er i tillegg partner i Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies og er samarbeidspartner i fleire forskings- og utviklingsprosjekt med fokus på musikkundervisning i skule, kulturskule og barnehage. Vi søker ein dyktig og framtidretta musikkpedagog med gode samarbeidsevne til arbeidsoppgåver innan desse områda.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

## **Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022**

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønskjer søkarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid,

tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

## **Professor/dosent i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## **Faglege arrangement på og ved HVO:**

4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)  
5.5.2022: [Fagdag barnehage](#), HVO  
5.5.2022: [Høgskulestyret](#)  
7.-15.5.: [Bygdepride](#)  
11.5.2022: HMS-dag på HVO  
17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF  
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)  
2.6.2022: [Forskingsutvalet](#)  
2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF  
03.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO  
09.6.2022: Sommaravslutning AKF  
09.-12.06.2022: [Dei nynorske festspela](#), Volda/Ørsta  
13.06.2022: [Fagdag om Tarje Vesaas](#), HVO  
14.06.2022: [Nettverkstreff: Kvinnar innan forskning ved HVO](#)  
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)  
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022, tema: Nyskaping](#), Loen  
20.6.2022: Sommaravslutning ASH  
21.6.2022: Felles sommaravslutning for HVO, BK Kantina  
22.6.2022: Sommaravslutning AMF

## **Hausten 2022:**

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)  
4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)

23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)  
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

4.5.2022: [Opening speech, ESSSAT-conference, Ålesund](#)  
1. mai 2022: [Ytringsfridom, krigen i Ukraina og to vladimirar](#)  
[50 år med mediefag: Attersyn frå Kjetil Tandstad - student på det første kullet av mediestudentar](#)  
[50 år med mediefag: Festtale frå førsteamanuensis Endre Eidsaa Larsen](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)  
[Twitter](#)  
[Instagram](#)  
[Youtube](#)  
[HVO-blogger](#)  
[Nynorsksenterets blogg.](#)  
[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)  
[Studentradioen](#)  
[Radio Volda](#)  
[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)